



# Kulturarven i lokalmiljøet

MUSEUM

SAMARBEID

FORMIDLING

VERDISKAPING

## HORDALAND

### Evaluering av bygningsverntenesta ved tre distriktsmuseum

*Kunnskapsnivået når det gjeld bygningsvern varierar frå kommune til kommune. Skal kommunane ta eit større ansvar for kulturminna er det svært positivt dersom det er eit fagmiljø i regionen dei kan vende seg til der dei har kompetanse og kjenner nærmiljøet. Ein har nådd langt når dei som handsamar kulturminnespørsmål vedgår at no trengst det hjelp, og at ein då kan vende seg til museet. Slik er det i delar av Hordaland.*

Hardanger folkemuseum, Gamle Bergen Museum og Sunnhordland folke-museum har tilsette bygningsvernkonsulentar. Konsulentane arbeider mot lokalmiljøet, noko både kommunar, handverkarar og eigarar nyt godt av.

Sakshandsamarar i kommunen har peika på kor viktig det er at «folk får treffe desse fagpersonane, at det ikkje berre skjer via sakspapir, men at eigaren får møte fagpersonen og får sett fagpersonen i arbeid. Eg trur alt sånt er med å skape ein positiv holdning».

Dei tre stillingane som bygningsvernkonsulentar er delvis finansierte gjennom øyremerkte overføringar frå fylkeskommunen til musea. Konsulentane sine tenester er gratis. I tillegg har dei tre musea godt kvalifiserte handverkarar. Handverkarane tek om dei har tid og kapasitet også arbeid utafør museet mot betaling.



Foto: Hardanger folkemuseum

Pilotprosjektene er en del av Riksantikvarens satsing i årene 2002-04 for å få eksempler på godt kulturminnearbeid i kommunene. Målene med prosjektene har vært:

♦ å utvikle et godt samarbeid mellom ulike aktører lokalt for å få mer kunnskap om kulturminner og kulturmiljø, og forvaltning av disse og

♦ å bruke samarbeidsmodellene til å bygge opp kunnskapsmiljø som er mest mulig robuste på lang sikt.

KONTAKTPERSONER HOS

RIKSANTIKVAREN:

Sissel Carlstrøm og

Kari Vartdal Opsvik

Tlf.: 22 94 04 00

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)



Konsulentane har ei teoretisk tilnærming til bygningane og dei held seg oppdaterte innan det antikvariske bygningsvernet. Dei stiller spørsmål kring måten det antikvariske vedlikehaldet vert gjort, og vurderer metodar og kva ein ønskjer å vise. Dei har og ei merksemd på det å ta vare på handverket, og slik ta vare på bygningen i den tradisjonen og etter den metoden den vart bygd. Konsulentane er ein del av museet si verksemd. Dei legg stor vekt på rolla si som frittstående rådgjevarar utafør forvaltinga, sjølv om dei også har oppgåver for fylkeskommunen. Dei har eit godt samarbeid med kommunane og har eit godt fagleg og velfungerande nettverk som også omfattar fylkeskommunen/forvaltinga sine folk på bygningsvern, i tillegg til prosjektleiaren for Prosjekt Bryggen. Dette nettverket er ein tilleggsgevinst som er svært positiv for arbeidet med bygningsvernet i heile fylket.

Modellen for stillinga som bygningsvernkonsulent i samarbeid mellom fylkeskommunen og musea ser slik ut:

### **Bygningsvernkonsulenten**

- er leiar for ei bygningsvernavdeling med handverkarar ved eit av distriktsmusea
- er integrert i museet, men driv mykje utadretta verksemd
- gir råd om antikvariske bygningar i privat og kommunalt eige
- er tilgjengeleg med sin fagkompetanse for kommunale sakshandsamarar
- gir hjelp til å lage restaureringsplanar og skrive søknader for å løyse ut offentlege midlar
- driv rådgjeving til handverkarar utafør musea
- deltar på synfaring og gir råd til fylkeskommunen
- er fleksibel i forhold til arbeidsoppgåver som er av interesse og verdi både for lokalsamfunn, museum og fylkeskommune
- driv haldningsskapande arbeid
- har eit fagleg nettverk med bygningsvernkonsulentar og andre fagmiljø

KONTAKTPERSON I HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

[gerd.bolstad@hordaland-f.kommune.no](mailto:gerd.bolstad@hordaland-f.kommune.no)

Lenker: [www.hordaland-f.kommune.no](http://www.hordaland-f.kommune.no)

[www.hardanger.museum.no](http://www.hardanger.museum.no)